



REFERAT FRA MØTE I FAU BLOKKHAUGEN

Dato: 13.12.2022
Tidspkt: 18.00 – 19.30
Sted: Personalrommet på Blokkhaugen skole

Tilstades:

Cedric Guibert 8A, Trude Larsen 8B, Marius Veseth 9A, Kristin H Fyhn 9B, Lasse Vestby 9C, Marte Ervik 10A, Anne Marit Bødal 10C, Elisabeth Schive 10D.

Alle klassane representert utanom 10B og 8C

Tre saker til eventuelt

Informasjon frå SU og SMU-møter

Cedric informerer frå møtet. Dei konstituerte seg slik:

Leiar: Kristoffer (elev)

Nestleiar: Cedric (FAU)

Sekretær: Henrik (elev)

Elevane ønsker sitjegruppe/sofa utanfor stillerom og nede i vestibylen. Ønskte å leite på finn.no. Rektor seier dette er problematisk pga. brannvern.

Det har vore litt herjing – m.a. ei rute som blei knust. Rektor har sagt til elevane at dei må oppføre seg før dei kan få møblar osv.

Ønske om ballar o.l. til utebruk. Elevrådet vil skrive søknad til FAU om dette. Det er ein del svinn på ballar osv, så her må ein også jobbe med haldningsendring hos elevane.

Elevane ønsker å starte sjakkturnering etter jul.

Volleyballturnering, fotballturnering til våren.

Positiv tilbakemelding på FAU sin refleks-aksjon.

Elevane ønsker kantine. Skulen har hatt det to gonger no før jul, og ønsker å fortsetje etter nyttår, kanskje 2 dagar i veka. Gjerne sunnare mat. Valfag utvikling av produkt og tenester kan bidra til kantina. Elevane betalar med kantinekort, foreldre må fylle på dette.

SU:

Ordensreglement kjem til underskrift.

Ønske om å flytte ein planleggingsdag pga. moglegheit for å planlegge neste skuleår.

Leiargruppa ønsker å endre skulestart til 8.30 frå skuleåret 2023/2024. SU har godkjent dette.

Budsjettet for Blokkhaugen skule går i balanse for 2023.

Sak 10/22-23

a) Refleksaksjon 1. desember

Gode tilbakemeldingar. Rektor måtte bestille fleire refleksar. FAU-rep. stod i vestibylen og delte ut refleks, kakemenn. Julemusikk og nisseluer.

b) Trafikkaksjon 13. desember. Litt få som køyrde inn på Prix sin parkeringsplass om morgonen, kanskje pga. dårleg føre. Dei som kom, var nøgde. Usikker på effekten av aksjonen.

c) Stopp seksuell trakassering, foredrag for foreldre 22. februar. Kultursalen, Åsane kulturhus. Skulen informerer. Få med elevar, lærarar som jobbar med dette. Andre bidragsytarar vert diskutert. Samanheng med Olweus-prosjektet også.

Målsetjing: Informere og støtte opp om prosjektet. Bli bevisst på haldningar, språkbruk, forventningar.

Førebuing: videomøte med gjestane, rektor, Kristin, Marius. FAU støttar dette. Kristin og Bente kallar inn til videomøte.

Inviterte gjester: Hanna Aardal og Bente Austbø, psykologspes Inst for psyk rådgiving, Bergen.

Skulen abonnerer på Info Regi, aktuelle artiklar, videoar om nettvett osv. Rektor ønsker å dele dette med foreldre. Vi legg den ut på FAU si facebookside, og FAU-representantane deler denne vidare til foreldre via facebookgruppene til klassane.

d) Skuleball Blokkhaugen og Åstveit

Kristin har snakka med ansvarleg på Åstveit. Dei kjem med forslag til eit møte i januar.

Skuleballet blir onsdag 31. mai 2023.

Sjekkliste/hugseliste føreligg (Katrin, frå i fjor)

Bestille mat, underhaldning og rigging (byrå), drikke/brus Kiwi, bongar (litt igjen ifrå i fjor), HMS-ansvarleg, samarbeid med politiet osv.

Marte, Elizabeth og Anne Marit frå Blokkhaugen representerer i skuleballkomiteen.

e) Sommarfest --> sak utsett til neste møte

f) Open hall, Åsane arena – treng frivillige foreldre – behov for 13 voksne kvar gong. Vi legg ut ny informasjon på fb når tilbodet startar opp igjen i januar.

Eventuelt

Vi diskuterte noko tiltak i samband med haldningar til kropp, næring, trening, mat, osv.

Saker frå klassane:

1

Tilbakemelding frå elevar og foreldre om at digitale læreverk er problematisk. Vanskeleg for elevane å konsentrere seg når dei ikkje har fysiske bøker.

Rektor: Delar av forklaringa ligg i fagfornyinga og nye læreverk – det tok tid før bøkene kom. Det tar også tid å vurdere bøker. Engelsk og spansk er kjøpt inn. KRLE er på trappene. I nokre fag kan digitale bøker vere bra pga. moglegheit for å lytte osv.

Legge ut liste over kva læreverk elevane brukar, slik at foreldre kan følgje med på dette.

2

Tentamen i matematikk, 10. klasse. Mange opplevde at dei fekk for lite tid til å gjennomføre, og at det ikkje blei tatt på alvor frå lærarane si side.

Ny eksamensform (digital), dette er nytt for alle (også lærarane). Foreldre er frustrerte og ønsker tilbakemelding. Elevane håpar at lærarane som skal vurdere heildagsprøva, tar omsyn til tidsproblemet.

3

Tilbakemelding frå elevar: Det er for kaldt på skulen (klasserom osv.)

Sparetiltak frå kommunen, skrur ned temperaturen.

Nytt møte

Onsdag 11. januar 2023, 18:00-19:30